



Statsråden

Næringskomiteen,  
Stortinget

Deres ref

Vår ref

Dato

26/1328-

20. april 2026

## **Uttale til representantforslag 8:198 2025-2026 om kompensasjonsordning for bedrifter utan høve til omstilling**

Eg syner til brev frå næringskomiteen 26. mars 2026, der komiteen ber om ei uttale til representantforslag 198 S frå stortingsrepresentantane Geir Inge Lien, Geir Pollestad og Siv Sætran om kompensasjonsordning for verksemdar utan høve til omstilling. Spørsmålet vart opphavleg stilt til næringsministeren, men er overført til klima- og miljøministeren som har ansvaret for klimapolitikken.

Prising av klimagassutslepp gjennom klimaavgifter og deltaking i EUs kvotesystem (EU ETS) er dei viktigaste verkemidla i norsk klimapolitikk. Om lag 85 prosent av dei norske klimagassutsleppa er omfatta av anten klimaavgift, kvoteplikt eller begge delar. Prisen på utsleppa gir verksemdene insentiv til å gjennomføre utsleppsreducerande tiltak eller redusere aktivitet som fører til utslepp. Samstundes bidreg prisinga til at forureinar betaler for skadane sine. Ein riktig fastsett pris skal spegle kostnadene utsleppa påfører samfunnet, og gjer det mindre lønsamt å forureine. Avgifter og kvotar bidreg slik til å vri forbruket mot varer og tenester med lågare utslepp.

Det finst fleire moglege løysingar for utsleppsreduksjonar, mellom anna elektrifisering, bruk av biobrensel, bruk av hydrogen og karbonfangst og -lagring. CO<sub>2</sub>-avgift gir også insentiv til å forbetre og effektivisere prosessar og rutinar, som å redusere varmetap og auke energigjenvinning, utvikle nye løysingar og arbeide for å gjere eksisterande løysingar billigare eller meir tilgjengelege. Fleire moglege løysingar gjer det samstundes vanskeleg å vurdere om ei verksemd kan omstille seg. Til dømes kan biobrensel som oppfyller bærekraftskriterier i dei fleste tilfella erstatte fossile brensel utan større tilpassingar. Enova har gitt tilsegn om støtte til fleire biogassanlegg som på sikt kan auke tilgangen. Når prisen

på fossile brensel aukar som følgje av CO<sub>2</sub>-avgift, kan biobrensel bli relativt meir lønsamt å ta i bruk. Regjeringa arbeider samstundes med å utbetre kapasitetsutfordringar i energinettet

Nettselskapa har plikt til å tilknytte alle som ønsker det til straumnettet. Dersom det ikkje er plass i nettet, skal nettselskapa utan ugrunna oppheld utreie, søke konsesjon og byggje naudsynte anlegg for kunne tilknytte kunden. I dag er det mange som har bedt om ny eller auka kapasitet i nettet, og førespurt kapasitet overstig ledig kapasitet mange plassar. Det er difor viktig at det går raskare å etablere nettanlegg i framtida. Regjeringa la våren 2023 fram ein handlingsplan for raskare nettutbygging og betre utnytting av nettet, som no er følgt opp. Regjeringa har satt i verk mange tiltak som skal bidra til å korte ned tidsbruken i myndigheitsbehandlinga av søknader om konsesjon, meir effektive tilknytingsprosessar og betre utnytting av straumnettet.

Regjeringa er medviten om at grøn omstilling er eit krevjande arbeid for delar av næringslivet, særleg i ein situasjon der ny teknologi kan vere umoden, kostbar eller lite tilgjengeleg på sikt. Regjeringa fører difor ein politikk der ein kombinerer langsiktige rammevilkår, som prising av utslepp gjennom avgifter og kvotar, med meir målretta og tidsavgrensa støtteordningar som kan avhjelpe marknadssvikt i tidlege fasar. Enova er regjeringas viktigaste verktøy for klima- og energiomstilling. Samtidig er det ei grunnleggjande føresetnad at staten ikkje kan, og heller ikkje bør, ta all risiko frå verksemdene. Dei som mottek støtte, må sjølve bidra med kapital og ta del i risikoen, og støtta skal ikkje vere varig. Føremålet er å leggje til rette for omstilling og teknologiutvikling i ein oppstartsfase, slik at marknadskreftene etter kvart kan ta over innanfor langsiktige og stabile rammer.

Eg meiner det vil sende eit uheldig signal å gå bort frå prinsippet om at forureinar betaler gjennom ei generell CO<sub>2</sub>-kompensasjonsordning for verksemdar som blir vurderte å ha avgrensa høve til omstilling. Ei slik ordning vil etter mi vurdering svekkje insentiva til omstilling i næringslivet, og kan og gjere det vanskelegare å nå klimaforpliktelsene våre. Eg tilrår difor ikkje å gå vidare med forslaget.

Med hilsen



Andreas Bjelland Eriksen